

VEDLEGG 3:

Rettleiande forskrift om kringsrenser for grunnskulane i Stord kommune

1. Forankring i lovverket

Opplæringslova § 8-1- lyder: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

2. Inntaksområde for barneskulane

Stord kommune har sju krinsar med barneskular: Litlabø, Sagvåg, Tjødnalio, Langeland, Leirvik, Hystad og Rommetveit. (Elevane på Huglo skule går for tida på Rommetveit skule.) Grensene mellom dei ulike skulane er teikna inn på oversiktskart for kommunen. Av kartet er det mogeleg å identifisere kva skulekrins husstanden høyrer til. [Link til kart.](#)

3. Inntaksområde for ungdomsskulane:

- Stord ungdomsskule: Skulekrinsane Leirvik og Langeland
- Nysæter ungdomsskule: Skulekrinsane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio
- Nordbygdo ungdomsskule: Skulekrinsane Hystad og Rommetveit

4. Tildeling av plass

Husstandane i dei ulike skulekrinsane soknar som hovudregel til skulen i eige krinsområde. Ved tildeling av plass skal det takast omsyn til (ikkje prioritert):

- Geografiske og trafikale forhold
- Om eleven har søsken med skuleplass på same skule
- Om det er kapasitet på den enkelte skule

Elevar på 1. trinn vert tildelt skuleplass i mai månad, det året dei byrjar på skulen.

5. Klagerett

Tildeling av skuleplass i høve til opplæringslova § 8-1, er i medhald av forvaltningslova eit enkeltvedtak. Vedtaket kan påklagast, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå det tidspunkt føresette/eleven fått tildelt plass, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29. Ein eventuell klage må vera skriftleg og grunngjeven og den skal sendast til skulen. Dersom kommunen ikkje tar klagen heilt eller delvis til følgje, vil klagen med alle vedlegg bli sendt vidare til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming. Vert klagen teke delvis til følgje, vil eit nytt vedtak med ny frist for klage, bli sendt til Dykk frå kommunen. Fylkesmannen si avgjerd er endeleg og kan ikkje påklagast.

6. Iverksetjing

Forskrifta gjeld frå og med 01.08.14.

